

NVE

Innsendt dato: 09.03.2014

Referansenummer: XTJCGS

Innsending av høyringsfråsegn

Saksopplysningar	
NVE sitt saksnr.:	200905221
Sakstittel	Grøddalen kraftverk
Høyringsfråsegn frå:	Privat person

Personopplysningar	
Navn	Kirsten Hellerdal Fosstveit
Telefon	47634571
Adresse	Bankbakkjen 3
Postnr	4230
Poststad	Sand
E-post	kifoss@gmail.com

Høyringsfråsegn	
Høyringsfråsegn	Eg sender med dette høyringsfråsegn i sak 200905221 om Grødalen kraftverk. Eg ønskjer å kome med innspel på sjølve innhaldet i konsesjonssøknaden. Eg reagerer på dette som arealplanleggar/arkitekt. Det faglege handverket i søknaden er lite tilfredsstillande. Framstilling av fakta og vurderingar byggjer på svak metodikk, og dette gjer søknaden vanskeleg å lesa og vurdere. Der er manglar og hol i datagrunnlaget som svekkjer konsekvensvurderinga av tiltaket, og som slik svekkjer truverda til innhaldet i søknaden. Eg reagerer særskild på verdi- og konsekvensvurdering av interesser knytt til friluftsliv, rekreasjon og kulturminne. Sjå elles vedlegg 1-3 til dette høyringsfråsegnet. Dette seier eg òg som brukar av området. Eg er oppvaksen på gnr. 23 bnr. 1, og sit slik på lokalkunnskap kva gjeld geografiske og historiske forhold. Slik sett kjenner eg òg til at eigarar av gnr./bnr. 21/2, 23/1 og 24/2 ikkje er vorte kontakta i nokon del av prosessen. Etter energilova § 2-1 sjuande ledd første punktum, skal offentlege organ og «andre som tiltaket direkte gjelder» få søknaden tilsendt for uttale. Etter vassressurslova § 24 andre ledd første punktum skal søknaden kunngjerast etter reglande i plan- og bygningslova § 12-10 første ledd første og annet punktum, andre og tredje ledd. Dvs registrerte grunneigarar og festarar og «så vidt mulig andre rettighetshavere i planområdet samt naboer», skal når dei vert «direkte berørt», på «hensiktsmessig måte» verte underretta, jfr. pbl § 12-10 andre ledd. Slik sett kan ein diskutera om ikkje naboar og festarar som vert påverka av tiltaket - med røyrgate, kraftstasjon, vegtilkomst, kraftlinje - òg burde fått tilsendt søknaden, eller vorte underretta direkte. I denne saka vert både private og ålmenne interesser sett til side. Etter mi vurdering vert skadar og ulemper for ålmenne og private interesser større enn fordelane ved tiltaket, jfr. vassressurslova § 25 første ledd. Med venleg helsing Kirsten Hellerdal Fosstveit
Høyringsfråsegn vedlegg	Ikke angitt
Annan relevant informasjon	Høyringsfråsegn til sak 200905221. Vedlegg 1.pdf
Vedlegg av bilete og kart	

Vedlegg bilete	Høyringsfråsegn til sak 200905221. Vedlegg 2.pdf
Vedlegg bilete	Høyringsfråsegn til sak 200905221. Vedlegg 3.pdf